

Referat FAU-møte 7. juni 2021

Tid: Måndag 7. juni 2021, kl. 20.00-21.00

Stad: Digitalt møte via Zoom

Tilstade: Heidi Barvik, Fredrik Undheim, Linn Iren Nilsen Oppedal, Ole Wiig, Synnøve Serigstad og Ragnhild Otto

Forfall: Sigve Berland, Stig Jespersen

Protokoll:

23/21 Korona-situasjonen

Skulen er på grønt nivå, til stor glede for elevane.

24/21 Info frå rektor

Det tverrfaglege laget rundt lærarar og elever ved skulen, som jobbar med førebygging, ynskjer innspel til satsingsområde for neste skuleår. FAU behandlar saka etter sommaren.

Landskapsarkitekten, som designar nytt uteområde til skulen, er forsinka i arbeidet. Mogleg oppgraderinga av uteområdet dermed vert utsatt til etter ferien. Planen var at dette skulle skje då elevane hadde sommarferie.

25/21 Symjetest – oppdatering

Svaret frå skuleleiinga i kommunen tyder på at symjetesten vil verta «rundare i kantane» når det gjeld kravet om at elevane skal måtte kunne liggje «heilt i ro» medan dei flyt på ryggen. FAU seier seg nøgd med at saka er tatt opp og håper at det ikkje vert behov for å ta dette opp på ny i framtida.

26/21 Trafikksikringstiltak - oppdatering

FAU sitt innspel er sendt til kommunen.

27/21 FAU-medlemmer skuleåret 2021/2022

Det trengs nye representantar til følgjande trinn:

1. trinn (Fredrik har ansvar for å finne ny)
3. trinn (Linn Iren har ansvar for å finne ny)

28/21 Eventuelt

Ragnhild saknar «oppskrift» til den faste 7.-klassefesten/avgangsseremonien. Ragnhild syter for å dokumentera prosessen og programmet frå årets avslutning, slik at denne kan nyttas vidare i komande år.

Neste FAU-møte blir 30. august kl. 19.00.